



Møte i Nordfjord vassområdeutval

REFERAT

Tysdag 10. april 2018 kl 10 – 13

Stad: Scandic Nordfjord Hotell, Nordfjordeid

Frammøtte medlemar i utvalet:

Jacob Andre Sandal	Jølster kommune, politisk medlem, utvalsleiar
Åse Leirgulen	Bremanger kommune, politisk medlem, nestleiar av utvalet
Bjørn Henry Marthinussen	Bremanger kommune, adm kontakt
Lars Helge Lillebø Hopland	Eid kommune, politisk medlem
Stanislawa Voldsund	Eid kommune, adm kontakt
Trine Alme	Gloppen kommune, adm kontakt
Kristian Nave	Selje kommune, adm kontakt
Odd Rønningen	Stryn kommune, adm kontakt
Monica Kråkenes	Vågsøy kommune, politisk medlem
Odd Robert Solvåg	Vågsøy kommune, adm kontakt
John Anton Gladsø	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Bente Sande	Mattilsynet, avd Nordfjord
Merete Farstad	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Susan Solbrå	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Staffan Hjohlman	Sogn og Fjordane fylkeskommune, prosjektleiar

Frammøtte frå referansegruppa:

Thorleif Jakobsen	Naturvernforbundet i Eid
Ragna Flatla Haugland	Sogn og Fjordane Energi, Produksjon
Kjell Arne Heggheim	Kjølsdalen bondelag

Innkalling:

Det var ingen merknader til innkallinga eller sakslista.

Nordfjord vassområde



Orienteringar:

Rullering av regional plan for vassforvaltning

Merete Farstad, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Rapportering av tiltaksgjennomføring i 2018

Staffan Hjohlman, prosjektleiar, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Nærare informasjon om rapporteringa vil bli sendt til adm. kontaktpersonar i kommunane

Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget

John Anton Gladsø, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen ønskjer innspel om feil og manglar i vann-nett innan 01.05.2018.

Fylkesprosjekt om avløp

Susan Solbrå, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Innspel på møtet:

Innspel frå Naturvernforbundet:

Behov for kunnskap om spreiding av plast / mikroplast frå kunstgrasbaner, klesvask m.m.

Behov for å følgje opp ål, laks og sjøaure etter eit uhell med låg vassføring i Riseelva i Svelgen. Ureining frå eit avløpsrør i Eidselva. Eid kommune har fått melding om saka.

Behov for overvaking av Hjalma. Kantvegetasjon er viktig for vassdraga.

Kommentar frå S. Hjohlman: Norsk vann har på gang ei kartlegging av mikroplast i avløpsvatn. Når resultat ligg føre kan prosjektgruppa vurdere ei innsats på området.

Prosjektgruppa vart oppfordra om å spreie informasjon og engasjere ålmenta om kva ein kan gjere for å redusere ureining med plast. Døme: granulat frå kunstgrasbaner, strandrydding. Det vart vist til Eid kommune sin informasjon på nettsider og facebook som eit godt døme.

Sak 1-2018 Årsmelding 2017

Syner til vedlagde årsmelding.

Sak 1-2018 PROSJEKLEIAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet godkjenner årsmeldinga for 2017

Sak 1-2018 NORDFJORD VASSOMRÅDEUTVAL 10.04.2018

Spørsmål frå Bremanger kommune: Kvifor er det brukt mindre enn budsjettert på Vassanalysar og overvaking?

Møte i Nordfjord vassområdeutval 10.04.2018 - Referat

Side 2 (av 5)

Postadr.:
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Sandane senter
Krånavegen 5, 3. etg
6823 Sandane

Telefon:
90 40 26 61

E post:
staffan.hjohlman@sfj.no

Nordfjord vassområde



S. Hjøhman: Budsjettert beløp 300 000 er kopiert frå tidlegare budsjett og tar ikkje utgangspunkt i konkrete planar. Felles anskaffing med Fylkesmannen av rammeavtale for vassanalysar har heldt kostnadene nede.

VEDTAK, samrøystes:

Vassområdeutvalet godkjenner årsmeldinga for 2017

Sak 2-2018 Rekneskap 2017

Syner til vedlagt rekneskap (siste del av årsmeldinga)

Sak 2-2018 PROSJEKLEIAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet tek rekneskapen for 2017 til vitande

Sak 2-2018 NORDFJORD VASSOMRÅDEUTVAL 10.04.2018

VEDTAK, samrøystes:

Vassområdeutvalet tek rekneskapen for 2017 til vitande

Sak 3-2018 Aktivitetsplan 2018

Syner til vedlagt aktivitetsplan

Sak 3-2018 PROSJEKLEIAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet godkjenner aktivitetsplanen for 2018

Sak 3-2018 NORDFJORD VASSOMRÅDEUTVAL 10.04.2018

VEDTAK, samrøystes:

Vassområdeutvalet godkjenner aktivitetsplanen for 2018

Sak 4-2018 Budsjett 2018

Framlegg til budsjettet for 2018 er presentert nedanfor, saman med rekneskap 2017 og budsjett 2017. I samanlikning med prosjektplanen er utgifter til prosjektleiing auka frå 370 000 til 400 000, medan utgifter til møter, reiser og kurs er redusert tilsvarende frå 100 000 til 70 000. Inntektene frå kommunar og fylkeskommunen er budsjettert som i 2017, i følgje prosjektplanen. I tillegg er det budsjettert med eit tilskot frå Fylkesmannen på 224 000 til overvaking av elvar og innsjøar. Budsjettpostane for vassanalysar, utgreiingar og trua arter er i samsvar med framlegget til aktivitetsplan for 2018. Underskot kr 819 468 er dekkja med fondsmidlar.

Møte i Nordfjord vassområdeutval 10.04.2018 - Referat

Side 3 (av 5)

Postadr.:
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Sandane senter
Krånavegen 5, 3. etg
6823 Sandane

Telefon:
90 40 26 61

E post:
staffan.hjohlman@sfj.no



	2018	2017	2017
	Budsjett	Rekneskap	Budsjett
			vedtatt VOU
			03.10.2017
UTGIFTER			
Prosjektleiing	400 000	386 335	370 000
Møter, reiser, kurs	70 000	42 702	100 000
Vassanalysar, overvaking	500 000	115 520	300 000
Utgreiing forbyggingar	500 000		
Utgreiing vegkulvertar	300 000		
Trua arter	43 468	76 532	120 000
Sum utgifter	1 813 468	621 089	890 000
INNTEKTER			
Frå kommunar	-385 000	-385 000	-385 000
Frå fylkeskommune	-385 000	-385 000	-385 000
Frå stat til overvaking	-224 000	-78 500	
Frå stat til trua arter			
Sum inntekter	-994 000	-848 500	-770 000
Avsetning(-)/bruk(+) fond	819 468	-227 411	120 000
Saldo pr 01.01.	-1 586 003	-1 358 592	-1 265 239
Saldo pr 31.12.	- 766 535	-1 586 003	-1 145 239

Sak 4-2018 PROSJEKLEIAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet godkjenner budsjettet for 2018

Prosjektleiari i samarbeid med prosjektgruppa får fullmakt til å setja i verk miljøundersøkingar og utgreiingar i tråd med budsjettet, og ved behov justere enkeltpostar på budsjettet med opptil kr 50 000.

Sak 4-2018 NORDFJORD VASSOMRÅDEUTVAL 10.04.2018

BREMANGER KOMMUNE FØRESLO NYTT VEDTAK, SOM VART VEDTATT SAMRØYSTES:

Vassområdeutvalet godkjenner budsjettet for 2018

Prosjektleiari i samarbeid med prosjektgruppa får fullmakt til å setja i verk miljøundersøkingar og utgreiingar i tråd med budsjettet, og ved behov justere enkeltpostar.

Nordfjord vassområde



Vedlegg:

Årsmelding 2017 (inkludert rekneskap 2017)

Aktivitetsplan 2018